



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

## Alver kommune gnr. 188 bnr. 45, Klubbadalen 11. Formidlar puring, søknad om deling av grunneigedom

Vi viser til ovanfor nemnte sak med dykkar referanse 2021/4329, som gjeld søknad om deling.

Søkjær Nepstad har vendt seg hit ved telefonsamtale 02.11.2022, med ønskje om framdrift i saka. Sidan dette ikkje er ei sak hjå Statsforvaltaren, gav vi tilbakemelding om at vi ville undersøke og vidareformidle til dykk som rette instans, jf. forvaltningslova § 11. Samtalen varte om lag 10 minutt.

Av kommunen sine sider ser vi at søknaden vart avvist 20.08.2021. Innringar hevda å ha søkt på nytt etter dette, medio mars 2022, og at han framleis ventar på svar.

Statsforvaltaren har ikkje meir kjennskap til saka, og vidareformidlar førespurnaden til kommunen. Dersom det ligg føre ein søknad som nemnt, går vi ut frå at kommunen vil handsame denne eller gje eit førebels svar, om når svar kan ventast. Vi vil elles oppmode kommunen om, viss de finn behov for det, å avklare eventuelle mistydingar overfor innringaren om kva som er rette status i saka.

Statsforvaltaren har ingen vidare oppfølging av saka, og viser innringaren (kopimottaktar) til å kontakte kommunen ved ytterlegare spørsmål. Vi har med dette vidareformidla spørsmålet motteke per telefon 2. november, og avsluttar saka herfrå.

Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl  
seniorrådgjevar

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Olai Nepstad

Guttorm Jarls Vei 9

3221

SANDEFJORD